

Nytt opplag av Gausvik-boka på plass.

21.04.2007



Gausvik kjem med nytt opplag av boka

Boka "Det droplar og dryp", forfatta av Olaf Agnar Gausvik, har slått godt an. Interessa for boka var svært stor. Salget gjekk svært så godt og på kort tid var førsteopplaget av boka utsett. Dermed måtte forfattaren syta for at det vart trykt opp eit nytt opplag av boka. Dette er no ferdig trykt, og er no på plass.

Olaf Agnar er svært godt fornøgd med responsen han ha fått på boka si. Han er overveldt over kor fort førsteopplaget vart selt ut. Gausvik er og svært takksam for alle dei positive tilbakemeldingane han har fått frå dei som ha lese boka.

Boka er lagt ut for sal i SPAR-butikken på Sanden, og i tillegg vert det levert ein ny ladning til bokhandelen i Torghuset på Husnes som også har selt svært godt av boka.

Det er grunn til å tro at det gode salet vil halda fram. Spørsmåla etter andreopplaget har vore mange, og nokre ser på på boka som eit svært godt alternativ når dei treng ein presang.

Thor Inge Døssland